

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Dato	28.02.2023
Vår referanse	2023/32923-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Uttale - dispensasjon frå byggegrense - fv. 570 - gnr. 37 bnr. 87 - Masfjorden kommune

Vi viser til førespurnad frå Masfjorden kommune om uttale til dispensasjonssøknad, datert 30.01.2023.

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa i vedteken reguleringsplan for å kunne bygge garasjar på eigedomane nærare fylkesvegen. Reguleringsplan Liarinden bustadfelt med planID 126620120002 som blei vedtatt i 2013, har ei byggegrense på 30 meter frå vegmidte, det er søkt om at byggegrensa vert endra til 20 meter frå vegmidte.

Uttale

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen. Fartsgrensa på staden er 80 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 370.

Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse *Viktig hovudveg (regional og overordna)* funksjon jf. *Rammeplan 2021-2024*. Den seier at tiltak ikkje bør etablerast nærare enn 50 meter frå vegmidte, same som veglova seier. Det vil sei at på staden her er byggegrensa allereie sett ned 20 meter frå veglova. Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa for fleire eigedomar og vi meiner difor kommunen bør ta stilling til om dette skulle vore handsama som ein reguleringsplansending.

Vestland fylkeskommune ved avdeling for Infrastruktur og veg er negative til dispensasjon frå byggegrensa i reguleringsplanen på staden. Det er uheldig å dispensere frå reguleringsplanen, som har vore gjennom ein demokratisk prosess. Det vil undergrave planen som styringsverktøy. Vi meiner det er viktig å halde på byggegrensa slik ho er regulert, mellom anna med bakgrunn i at fylkesvegen er omkøyingsveg for E39 og eventuell framtidig behov for utviding av vegen.

Vi meiner ein må halde på byggegrensa som er sett til 30 meter. Vi ber om å få tilsendt saka når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Kari Elster Moen
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift